



### WOLF ALICE UTVIDAR TURNEEN

Firkloveren i det London-baserte alternative rockebandet Wolf Alice hiv seg ut på vegen i haust for å promotere den komande plata *Visions of a Life*. Tidlegare denne månaden sleppte dei comebacksingelen «Yuk Soo», etter eit halvt års skrivesabbat. Storbritannia-turneen startar i Bristol i november. Dei spelar ein ekstra konsert i Glasgow.

Foto: Owen Sweeney / AP / NTB scanpix



Jason Isbell er på sitt beste på det nyaste albumet.

*Sound* som sirklar inn Trumps USA og forgreiningane dette har bakover tiåra.

The Nashville *Sound* er Isbell på sitt beste, fullt på høg med Springsteens finaste songar frå *The River*-perioden – fleire låtar sender tankane i den retninga, ikkje minst den godt skildra angsten i «Anxiety» eller den famlante nærleiken i «If We Were Vampires».



House and Land er ein duo som spelar tradisjonsmusikk.

### TIDLAUSE SONGAR

Der Isbell formår om tropar og tonar frå Appalachane og plaserer dei i eit meir eller mindre samtidig rockeuttrykk, er duoen House and Land, som rommar multiinstrumentalistane Sally Anne Morgan og Sarah Louise Henson, meir for tradisjonalistar å rekne, utan at dei er puristar heller. *House and Land* er merkt av ein reindyrka nærleik til stadbundne musikalske kjelder som forpliktar, men også inspirerer. Songane på albumet er markant tidause, dei svever over generasjonar, og tilskriv seg slik eit eige overblikk og ein eigen visdom.

Det gnistrar i felestrengane på begge desse Appalachia-utgivingane, som er så ulike, men likevel så nære kvarandre i tid og rom.

### ØVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Victoria Legrand og Alex Scally er Beach House.


# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

## Motstandsmusikk

Beethoven gjer Goethes *Egmont* til ein heroisk samtidstragedie om Wiens fridomskamp mot Napoleons åk.

### CD



LUDWIG VAN BEETHOVEN:

### Egmont


JOHN MALKOVICH OG HERBERT FLÖTTINGER, RESITASJON; ORCHESTER WIENER AKADEMIE; DIR.: MARTIN HASELBÖCK. ALPHA 2017

JAMFØRINGAR: ACADEMY OF ANCIENT MUSIC/HOGWOOD (LOISEAU-LYRE 1988), CHAMBER ORCHESTRA OF EUROPE/HARNONCOURT (WARNER 1991)

Teaterstykket med musikk som integrert del av handlinga kjenner me sidan antikken. Johann Wolfgang von Goethe (1749–1832) konsiperte alle skodespela sine etter ein musikkdramatisk plan som han skildra gjennom detaljerte regiinstruksjonar, til dømes i tragedien *Egmont* (utgjeven 1788), som ikkje berre inneheld parti som skal syngast, men òg krev stemningsfull bakgrunnsmusikk til den tala teksten, ikkje ulikt vår tids filmmusikk. Men Goethe var ikkje musikal, så tonane laut andre ta seg av. I 1809 fekk difor Ludwig van Beethoven i oppgåve av k.u.k. Hoftheater (det keisarlege og kongelige hoffteateret) i Wien å fullenda *Egmont* etter Goethes plan, noko han gjorde til gagns ved å føya til ein stor ouverture og effektfull mellomaktmusikk.

### AD FONTES

Resultatet får me i volum 3 i den forvitnelege serien «Resound Beethoven», der Orchester Wiener Akademie under leing av austerrikaren Martin Haselböck framfører Beethovens orkesterverk mest mogleg autentisk: Ikkje berre spelar dei instrument frå Bee-



Den amerikanske skodespelaren John Malkovich resiterer frå Goethes skodespel *Egmont*, som Beethoven sette musikk til i 1809/10. Foto: Alpha Classics

thovens samtid, dei framfører jamvel musikken i dei salane og teatra i Wien der han hadde urpremiere. Også besetninga, altså storleiken på orkesteret, er den same som den gongen. Sidan Beethoven nytta tynnare besetning enn det som er vanleg i vår tid, er det klingande resultatet så vedunderleg transparent at me høyrer ein-skildinstrumenta (gnissande kontrabassar, kvasse fiolintiradar) ut or orkesterklang.

### PARALLELL TIL NAPOLEON

Goethes tragedie utspelar seg i Brussel i 1560-åra, og handlar om greven Egmont, ein historisk person som kjempar for Nederlands sjølvstende andsynes dei spanske styresmakterne. Hertugen av Alba dømmer han til døden, og når kjærrasten hans, Clärchen, ikkje evnar å berga han or fengselet, lèt ho òg livet – frivillig.

Då den nye produksjo-

nen med Beethovens musikk hadde urpremiere i Wien sommaren 1810, blei stykket tolka inn i samtida av wienarane, for etter eit tungt bombardement året før hadde Napoleon hærteke byen for andre gong. Dramaet blei framført i ei destillert form, godkjend av Goethe, for ein skodespelar og ein sopran.

Det er denne utforminga Wiener Akademie no gjev oss på to alternative CD-ar: den fyrste har original, tysk språkdrakt; den andre er ein nyomsett, engelsk versjon. På meg gjorde sistnemnde mest inntrykk. For den rolege, intense resitasjonen til amerikanske John Malkovich balanserer godt med Beethovens til tider bombastisk-heroiske tonesetjing.

### SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musikal og fast musikkmedlar i Dag og Tid.

## Romantikar i kjømda

### CD



LUDWIG VAN BEETHOVEN:

### String Trio

### Op. 3,


### Divertimento Op. 8

SSENS TRIO. LAWO 2017

Beethovens *Egmont*-musikk er djupt romantisk. *Stryktrioen i Ess-dur*, op. 3, som det norske ensemblet Ssens Trio opnar det nye albumet sitt med, stammar derimot frå tida då Beethoven framleis budde i heimbyen Bonn ved Rhinen.

Her høyrer me Beethoven som umiskjenneleg 1700-talskomponist, prega av den formalt avbalanserte komposisjonsmåten til førebileta Haydn og Mozart. Likevel merkar me stilistiske frampeik: Dei abrupte pausane og markante synkopane i hovudtemaet i fyrstestansen «allegro con brio» – der fiolinen og bratsjen framfust legg full vekt på «feil» takt-del og slik opponerer mot det regelbundne – signaliserer at ein rebelsk romantikar er i kjømda.

SJUR HAGA BRINGELAND



Ludwig van Beethoven (1770–1827) på eit målarstykket av Joseph Karl Stieler frå 1820. Foto: Wikimedia